

Kommuneinformasjon s. 14-16

God pinse!

KYRKJELDSEBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VARDEN

Nr. 2

Vår-sommer 2016

48 . årgang



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og
fredag 09 - 15



SOKNEPREST

Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: soknepresten@etnedal.kyrkja.no



ORGANIST

Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: organist@etnedal.kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: helenals.wright@gmail.com



KYRKJELYDSARBEIDAR

Ellen Oddveig Rudi
tlf. 948 65 195
E-post: ellen.rudi@oystre-slidre.kommune.no



SAKSBEHANDLAR

Linda Mæhlum Robøle
tlf. 957 64 900
E-post: l.robøle@etnedal.kyrkja.no



KYRKJETENAR

Jan Hagaseth, tlf. 61 12 12 12
952 74 090

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD

Kjell Fjeld, leiar
tlf. 404 04 820
E-post: kjell@fjellsbygda.no



N. ETNEDAL SOKNERÅD

Astrid Tollehaug, leiar
tlf. 906 59 921
E-post: astridtollehaug@bbnett.no



ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Ole Bergene, leiar
tlf. 950 89 360
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Faste medarb.: Ingun Kompen og
Tone Steinset

Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal
E-mail: soknepresten@etnedal.kyrkja.no

Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188


Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla



Bibelordet:

«Frykt ikkje, for eg er med deg,
ver ikkje redd, for eg er din Gud!
Eg gjer deg sterk og hjelper deg
og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.»
Jes. 41,10



Hugs Etnedalsdagane 2016, 2-3. juli
Arrangørar : Granumsbygda Vel og
Etnedal jeger og fisk

Gudsteneste på Etnedalsdagane
Søndag 3. juli kl. 11

I år blir det ny vri, med gudsteneste frå scena ved Samfunnshuset.

Både Bergegarda mannskor, Hilde Byfuglien, Honning og Rigabalsam og Serhiy og Yulianna deltek med sang og musikk, og innimellom alle gode tekstar og toner, blir det ord for dagen og forbøn ved underteikna.

Vi bed om forståing for at de må betale inngangs-
pengar for å kome inn på Etnedalsdagane.

Bruflat kyrkje er open for omvising frå kl. 14 - 15
denne dagen.

Marit prest

Leige Bruflat menighetshus?

Kontakt Anne Marit Stensæter, 41047417

SOMMAROPEN KYRKJE



Bruflat kyrkje er
sommарopen
5. juli – 7. august,
tysdag til søndag
Kl. 11-15

SOMMERKONSERTAR



ved organist Serhiy Bykov

Onsdag 6. juli
Onsdag 13. juli
Onsdag 20. juli
Alle dagar kl. 1130 – 1200

DUGNAD på kyrkjegardane våre

Bruflat, torsdag 12. mai kl. 16
N. Etnedal blir kunngjort seinare
Ta med rive og kopp.



(arkivfoto - med Linn Slette og Annikken Haug)

Godt sagt:

Ansvar er ikke, som det av og til framstilles, en
tung plikt som en er nødt til å ta på seg – og som
gjør livet surt og trist.

Det å være ansvarlig for noe som en er betrodd - er
en menneskerett som gjør livet verdt å leve.

Victor Frankl

Diktet «Påske. Langfredag» i føre Kyrkjevarden
er skrive av Stein Mehren.

BIBELTEKSTAR OM PINSA

Apg 2,1-11

1 Da pinsedagen kom, var alle samlet på ett sted. 2 Plutselig lød det fra himmelen som når en kraftig vind blåser, og lyden fylte hele huset hvor de satt. 3 Tunger som av ild viste seg for dem, delte seg og satte seg på hver enkelt av dem. 4 Da ble de alle fylt av Den hellige ånd, og de begynte å tale på andre språk etter som Ånden ga dem å forkynne. 5 I Jerusalem bodde det fromme jøder fra alle folkeslag under himmelen. 6 En stor folkemengde stimlet sammen da de hørte denne lyden, og det ble stor forvirring, for hver enkelt hørte sitt eget morsmål bli talt. 7 Forskrekket og forundret spurte de: «Er de ikke galilere, alle disse som taler? 8 Hvordan kan da hver enkelt av oss høre sitt eget morsmål? 9 Vi er partere og medere og elamitter; folk som bor i Mesopotamia, Judea og Kappadokia, i Pontos og Asia, 10 Frygia og Pamfylia, i Egypt og i Libya-området mot Kyréne, og innflyttere fra Roma, 11 jøder og proselytter, kretere og arabere – og vi hører dem tale om Guds storverk på våre egne tungemål!»

Joh 14,23-29

23 Jesus svarte: «Den som elsker meg, vil holde fast på mitt ord, og min Far skal elske ham, og vi skal komme og bo hos ham. 24 Den som ikke elsker meg, holder ikke fast på mine ord. Det ordet dere hører, er ikke fra meg, men fra Far; han som har sendt meg. 25 Dette har jeg sagt dere mens jeg ennå er hos dere. 26 Men Talsmannen, Den hellige ånd, som Far skal sende i mitt navn, skal lære dere alt og minne dere om alt det jeg har sagt dere. 27 Fred etterlater jeg dere. Min fred gir jeg dere, ikke den fred som verden gir. La ikke hjertet bli grepet av angst og motløshet. 28 Dere hørte at jeg sa: Jeg går bort, og jeg kommer til dere igjen. Hvis dere elsket meg, var dere glade for at jeg går til Far, for Far er større enn jeg. 29 Nå har jeg sagt dere dette før det skjer, for at dere skal tro når det skjer.



Pinse

Kyrkjeåret har sitt utgangspunkt i Jesu liv og gjerning, og etter jul og påske kjem den tredje store høgtida, pinse.

Ordet Pinse kjem frå det greske ordet «pentekostos»(engelsk : pentecost) som tyder 50.

Pinse = 50 dagar etter påske og 10 dagar etter Kristi himmelfartsdag.

Både før sin død og då han forlot dei på fjellet, bed Jesus apostlane om å vere i Jerusalem til dei har fått Andens gåve.

Jødane feirar pinse til minne om at Gud slutta ei pakt med folket og ga dei bodorda ved Sinaifjellet. Folket som var samla på «den fyrste kristne pinsedagen» som vi les om i Ag.gj. kap. 2, feira soleis jødisk pinse.

Midt i feiringa sender Gud Fader Den Heilage Ande over apostlane.

Anden manifesterar seg ved eldtunger og språkunder, og Peter tek til å fortelje om Jesu død og oppstode med stort frimod.



Konfirmasjonsfest i Jerusalem

**Pinseandakt av Rolf G. Heitmann,
generalsekretær i
Den Norske Israelsmisjon
Bibeltekst: Apostelgjerningane 2, 1-11**

Det var pinse før pinse, slik det var påske før påske. Våre kristne høgtider har sin bakgrunn i gamle jødiske og bibelske hendingar. Jødar feirar pinse til minne om at Gud slutta ei pakt med folket ved Sinai-fjellet og gjorde sin vilje kjend for dei; det vi ofte noko avgrensa kallar Dei ti boda. Det var ein slags ekteskapskontrakt der Gud lova å vera Gud for folket, og folket stadfesta sin status som Guds folk.

Vinden ula, fjellet rista og røyken steig då Gud tala til folket. Rabbiniske fortolkningar seier at orda frå Gud kom som flamar som delte seg i 70 eldtunger; det symbolske talet for folkeslaga på jorda. Lova og boda, pakta og lovnaden vart gitt til det jødiske folket, men samstundes var alt dette gyldig og avgjerande for heile verda. Difor fekk det utvalde Israel ordre om å vera lys for folkeslaga.

Pinsedag på Sionshøgda i Jerusalem over 1200 år seinare er ei stadfesting av dette. Igjen blæs vinden og jorda skjelv. Igjen kjem det eld frå himmelen, og

apostlane talar slik at alle frå fjern og nær høyrer og forstår på sitt eige språk det som blir sagt. Guds nærvere er sterkt og kan kjennast på gudsfolkets konfirmasjonsfest når Gud stadfestar sin truskapseid og sine lovnader.

Ikkje rart at mange vart forvirra og spurde: Kva skal vi gjera? Svaret frå apostelen er like klårt som det er enkelt: Vend om og la dykk døypa i Jesu Kristi namn, så de får tilgiving for syndene og Den heilage andens gåve. Det er den rette pinsa.

I dag veks den kristne kyrkja meir enn nokon gong. Fornyingsrørsla frå pinsedagen har ikkje stagnert. Andens vind blæs. Ordet vert forkynt og høyrte på stadig nye språk. Menneske vert dregne inn i Guds kraftfelt. Også i Israel veks det fram ei ny og sterk rørsla av jødar som vedkjenner trua på Jesus som Messias. Gud har gitt seg sjølv til oss. Vi kan få overgi oss til han.



Generalsekretær Rolf Gunnar Heitmann

Takk og velkomst i fokus på kyrkjelydsfesten

TAKK

Dei «gamle» sokneråda vart takka av på festen, ved dei nye soknerådsleiarane Kjell J. Fjeld frå Bruflat - og Astrid Tollehaug frå N. Etnedal sokneråd.

Astrid takka for stort engasjement, og framheva mellom anna dugnadsinnsatsen som vart lagt ned ved kjøkkenrestaureringa i kyrkja og på kyrkjevandringane frå Dalen, samt ved Lys-vaken helga og andre arrangement i kyrkjeregi.

Kjell uttrykte stor respekt for alt arbeidet Bruflat sokneråd har hatt med forvaltninga av N. Lenningen og ulike arrangement dei har hatt ansvaret for. Ikkje så reint få dugnadstimar er lagt ned i soknerådsarbeidet, sa den nye leiaren, som takka med ei symbolsk gåve; eit krus med bilde av begge kyrkjene. Nord-dølene fekk same gåva.

Medarbeidar i Kyrkjevarden i meir enn 30 år, Ingun Kompen vart takka av Marit prest, for sin lange og trufaste innsats for kyrkjelydsbladet vårt.

VELKOMST

Ellen Rudi, ny kyrkjelydsarbeidar i Etnedal vart så ynskt velkomen.

Ellen sa at ho var godt kjent med kyrkjelydsarbeid, både frå heimplassen Rogne i Øystre Slidre og frå sitt arbeid som trusopplæringsmedarbeidar i Nord-Aurdal og Øystre Slidre.

Av utdanning er ho både lærar og sjukepleiar, og godt tilfreds med at ho no skal arbeide heiltid i Den norske kyrkja.

Etter den vesle presentasjonen hadde ho andakt, som tok utgangspunkt i «eit lite menneske under stjernehimmlen, verdfull og sett av Gud»

Konfirmantane hjalp sokneråda med servering og loddsal, Bruflat sangkor under leiing av Serhiy Bykov sang og vikarprest Jón Ragnarsson lyste velsigninga til slutt.

Tekst: Marit prest



Bruflat sokneråd 2012-2015, her representert ved Kåre Espeseth, Tutta Solberg, Merete Stubbene og Asmund Wold blir takka av soknerådsleiar Kjell J. Fjeld
Foto: Ingun Kompen



Soknerådsleiar i Nord-Etnedal takkar sine forgjengarar i vervet. Frå venstre Inger Olaug Tollehaug, Wenche Hillestad Møller, Arve Bergsbakken og Tore Hagasæet.



Tutta Solberg laga for nokre år sidan ein flott plakate til kyrkjelydsfesten, med begge kyrkjene som motiv. No er same motiv brukt på krus, slik som Tutta presenterar her.



Konfirmantane var gode hjelparar på festen. Her representert ved loddseljarane Amalie Bergene Tjernslien og Othilie Stubbene - og Tåva Bergsbakken Røang og Solveig Lund



Nytilsett kyrkjelydsarbeidar Ellen Rudi saman med barna Mathea Emily og Sondre Matias, og vikarprest Jón Ragnarsson.



BIBEL-SPØRSMÅL

1. Kva heiter fjellet der Noahs ark til slutt strandar?
2. Kva for ein bymur fall saman på grunn av trompetstøyt!
3. Kven vart kasta i ein brunn av brørne sine?
4. Kva heitte kjempa som Daniel nedkjempa?
5. Kven freista Eva til å eta eple i Edens hage?
6. Kva vart kona til Lot forvandla til då ho såg seg attende?
7. Kva fekk Moses av Gud på steintavler?
8. Kven var den einaste som stoppa og tok vare på ein mann i naud?
9. Kven av apostlane vart kalla "tvilaren" då Jesus stod opp att?
10. Kva heiter hagen der Jesus vart arrestert?

- Svar:
1. Ararat
 2. Muren rundt Jeriko
 3. Josef
 4. Goliat
 5. Slangen
 6. Ei steinstøtte
 7. Dei ti budar
 8. Den barmhjærtige samartan
 9. Tomas
 10. Getsemane

HERRENS REGNBOGE

Allmektige Gud og himmelske Far,
som rår over jord og himlar
og i Dine allmakts hender har
klotar og stjernestimlar -
Sjå til oss arme menneske – små!
Giv oss Di hjelp. Vi veit inga råd.
Synda – med mistillits myrke makt
livet i avgrunns skodde har lagt.

Sjå ætta ho sukkar i lidings lengt –
- hjarto dei frys djupt der inne –
Alt synest så vondt og vonlaust stengt.
Vi ingen veg kan finne.
Evige Gud og himmelske Far!

Høyr Du vår bøn og giv oss Ditt svar.
Redde det verste vi driv omkring
hjarteskremde, men veit ingenting.

Allmektige Gud og Kjærlege Far,
som rår over jord og himlar.
Og i Dine miskunns hender har
klotar og stjernehimlar.
Lyft Du Din regnboge over oss,
fargerik, stor, lat han lysa –
- mektig med kraft ifrå Kristi kross,
så aldri vår livsvon må frysa!

Øystein Hovden

Godt sagt:

Syting og klaging uten å være løsningsorientert, er det verste som finnes.
Jan Vincents Johannessen

Kyrkjelydsfest med Takk til Anne Hilde prost

Sundag 17. april var det avskilsgudsteneste for prost Anne Hilde Øigarden i Aurdal kirke. Ho skal halde fram i ei mindre prestestilling i Valdres.

Mange geistlege

Sjeldan er det samla så mange geistlege i ei Valdres-kyrkje. Biskop Solveig Fiske hadde preika, og ho takka Anne Hilde for arbeidet som prost til helsa sa stopp for ein så omfattande jobb. Elles deltok han som blir ny prost i Valdres, Carl Philip Weisser og sokneprest Kristine Inderhaug. Musikken stod organist Monica Solberg for med innslag av fela til kyrkjetenar Henning Andersen. Folk frå heile Valdres møtte opp for å glede Anne Hilde med å delta både i gudstenesta og samlinga etterpå.

Kyrkjesuppe med meir

Aurdal Menighetshus tok etter gudstenesta imot vel 50 for god suppe og godt samvær med mange talar. Det var helsingar, gåver og blomar frå prostane i bispedømmet ved Per Halstein Nielsen, komande

Valdres-prost Carl Philip Weisser, fyrste prosten til Anne Hilde, Nils Kåre Erlimo (då ho starta prestetenesta si i Os i Østerdalen) kyrkjevergene i Valdres ved Anne Nora Alund, komande prest Geir Wiknes, Aurdal sokneråd ved Henning Andersen, Pilegrimfelleskapet i Valdres ved Jahn Børe Jahnsen og biskop Solveig Fiske.

Alle takka for interessant og godt samarbeid, der det var lagt vekt på at Anne Hilde hadde hatt klare mål å arbeide mot som prost i samarbeid både med andre tilsette, sokneråd og fellesråd i Valdres.

Sjølv takka Anne Hilde for alle gode ord, og sa at etter kvart hadde ho måtte innsjå at helsa ikkje kunne halde til prostestillinga. Ho håpar at helsa vil halde lenge til ein mindre jobb med hovudvekt på pilegrimsvandringane i Valdres, noko ho har vore aktivt med på dei siste sju åra.

Ingun Kompen



Avskilsgudsteneste: Anne Hilde Øigarden avslutta sitt proste-virke i Valdres med gudsteneste sundag 17. april. Biskop Solveig Fiske hadde preika, og takka Anne Hilde for godt arbeid så lenge helsa hennar hadde halde.

«Mi salme»

Eg takkar for utfordringa frå svigermor mi, Anbjørg Byfuglien. Salma eg har valgt er ” Han er min sang og min glede” Den sang vi på vi syndagsskula i Heddal, der eg vaks opp, så dette er ei salme som er eit godt barndomsminne.

Han er min sang og min glede

*Han er min sang og min glede
Han er min Herre og Gud
Jesus i dine hender
Jeg hviler til livets slutt.*

*Jeg kan minnes en tid i mørke
Uten mening levde jeg da
Men så hørte jeg røsten fra Jesus
Som vil vise den vei jeg skal gå*

*Etter den ytterste dagen
I det nye Jerusalem
Da bøyer jeg meg ned for Jesus
Og han sier; Velkommen hjem!*

*Han er min sang og min glede
Han er min Herre og Gud
Jesus i dine hender
Jeg hviler til livets slutt*

Eg sender utfordringa vidare til Hanne Byfuglien, og ynskjer alle ein riktig god sommar.

Hilsen Marianne S. Byfuglien



Ønskediktet

Jeg gleder meg alltid over våren, det er en flott årstid, vi kan glede oss over lyse kvelder og alt som våkner til liv i vinduskarmen og ute i naturen. Valget mitt falt på et dikt av Hans Børli, som jeg synes er fint og svært godt skrevet.

Junikveld

*Vi sitter i slørblå junikveld
og svaler oss ute på trammen.
Og alt vi ser har dobbelt liv,
fordi vi sanser det sammen.*

*Se - skogsjøen ligger og skinner rødt
av sunkne solefalls-riker.
Og blankt som en ting av gammelt sølv
er skriket som lommen skriker.*

*Og heggen ved grinda brenner så stilt
av nykveikte blomsterkvaster.
Nå skjelver de kvitt i et pust av vind,
- det er som om noe haster...*

*Å, flytt deg nærmere inn til meg
her på kjøkkenrammen!
Den er så svimlende kort den stund
vi mennesker er sammen.*

Til å velge et dikt til neste Kyrkjevarde utfordrer jeg Allie Lunde Neramoen.

Hilsen Ingebjørg Nipseth Kleven



Brukt er kult

Bruktmarknaden i Etnedalshallen i april var også i år ein suksess. Dei tre damene som hadde initiativet i fjor fekk i år med seg i alt 21 utstillarar med eit svært variert utval. Dei fleste var etnedøler, men folk frå Hadeland, Begnadalen og Aurdal hadde også funne vegen til Etnedal med sine varer.

God dag laurdag

I alt var det 600 innom for ein handel i løpet av helga. Nokre hadde tydelegvis bestemte ting dei såg etter, og vart fort ferdige. Andre tok seg god tid til å sjå og prate med folk. Mange kjøpte seg mat og drikke som 6. kl på skulen selde til inntekt for skuletur.

Ikkje flaut med brukt

Som i fjor var det Linda Nygård, Ann Kristin Haugen og Nadgije Kurti som fekk fleire med seg og leigde Etnedalshallen for bruksalg. - Det er ikkje flaut å selja eller kjøpe brukte klede eller ting, presiserte dei tre. For mange kan det kanskje vera vanskeleg å ta imot noko gratis, men det er noko anna å handle for nokre kroner. Folk flest har mykje som ikkje bør kastast så lenge nokon andre kan ha glede og nytte av det, ikkje minst det ungar veks frå før det er utslite.

Variert vareutval

Klede, sko, barneutstyr, bøker, spel, pynteting, kjøkkenutstyr og møblar var noko av utvalet. Då kan det vera fare er for at dei som gjerne vil kvitte seg med noko, kan handle av dei andre utstillarane, og koma heim med meir enn dei hadde med seg! Utpå dagen laurdag trudde dei tre damene at det ikkje ville skje. Men dei var fornøgde med alt det andre hadde handla.

Nytt marked neste vår

Dei tre er sikre på at neste vår blir det nytt bruktmarked. Kanskje endå fleire blir med for å få endå større omløp for godt brukbare varer. I vårt overflods-samfunn er det no berre å starte sorteringa og stille opp neste vår.

Ingun Kompen

Godt sagt:

Du kan forandre alt i verden, bare ikke andre mennesker. Det kan de bare gjøre selv. I århundrer har menneskene med makt forsøkt å forandre andre – alltid forgjeves. Det er det store unyttige spill i menneskenes historie. Bare når menneskene endrer seg selv, vil også andre mennesker kunne gjøre det.

Phil Bosmans



Gjenbruks-damene: Nadgije Kurti, Linda Nygård, og Ann Kristin Haugen fekk i år som i fjor med seg mange på bruktmarked i Etnedalshallen - med mange ulike varer og mykje folk i helga.

Hjørnet hass Jan:



Før det vart meir vanleg at folk sat mykje heime ved TV'n, samla folk seg om dei tilboda som var. Difor var det ein avholds-predikant som samla mykje folk over alt.

Det var ikkje alle stader at "bodskapen om alkoholens forbannelse" slo like godt an, men folk såg det som ei sjanse til å møte andre og ha det sosialt.

Den tilreisande kjende nok sitt publikum, og hadde tenkt å visualisere bodskapen. Han hadde med seg to kjøkkenglas og ein levande makk.

Fyrst la han makken opp i glaset som det var vatn i. Makken tok ingen skade av opphaldet.

Så forklara han at i det andre glaset var det sprit, og han slapp makken nedi det også. Makken døydde ganske fort.

- Kva kan vi lære av dette, spurde den tilreisande. Mange i salen var nok meir opptekne av gledene med alkoholen enn det negative, og vart tankefulle. Men snart tok ein eldre kar ordet:

- Dersom vi tek oss ein dram i ny og ne, får vi ikkje makk i magen.

Nytt fra kyrkje-kontoret



Ny tilsatt ved kirkekontoret i Etnedal:

Ellen Oddveig Rudi startet 1. mars i 50% stilling som menighetsarbeider/klokker. Hun er fra Øystre Slidre og bor der med sine to barn. Ellen er utdannet som både lærer og sykepleier, og har lang bakgrunn fra begge yrkene. Hun har siden 2014 jobbet som menighetspedagog i en 50% stilling i Øystre Slidre/ Nord-Aurdal og har dermed erfaring fra kirkelig sektor.

Ellen skal som menighetsarbeider/klokker i Etnedal delta i gudstjenestelivet og legge til rette for fellesskapsbyggende arbeid.

Hovedoppgavene til Ellen vil være:

- Forebyggende og oppsøkende virksomhet overfor mennesker som trenger hjelp, omsorg og støtte
- Sorgarbeid
- Samarbeid med lokale frivillige og offentlige instanser
- Sjelesorg
- Planlegging og samarbeid med diakoniutvalgene i soknene

Ønsker du kontakt?
Ta kontakt på telefon:
94 86 51 95
(Torsdager og fredager).



Takk til Bruflat sokneråd

Etnedal kyrkjelege fellesråd ønsker å rette en stor takk til Bruflat sokneråd. Soknerådet bidro i 2015 med kr. 1.250.000 til drift av fellesrådet. Pengene ble gitt som lønnsmidler til saksbehandler og diakon, samt til konfirmantopplæring, møtegodtgjørelser og vedlikehold ved Nord- Etnedal kyrkje.

Pengene fra Bruflat sokneråd gjør at vi i kirkelig sektor kan ha et godt handlingsrom og sørge for vedlikehold av kirkene, selv om dette utfra kirkelovens § 15 skal finansieres av kommunen.

Kirkelovens § 15 lyder:

Kommunens økonomiske ansvar.

Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd:

- a) utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker,
- b) utgifter til anlegg og drift av gravplasser,
- c) utgifter til stillinger for kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og til daglig leder av kirkelig fellesråd
- d) driftsutgifter for fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold,
- e) utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring,
- f) utgifter til kontorhold for prester.

Fellessrådets budsjettforslag skal også omfatte utgifter til kirkelig undervisning, diakoni, kirkemusikk og andre kirkelige tiltak i soknene.

Utgiftsdekningen skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstjenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tjenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredsstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.

Etter avtale med kirkelig fellesråd kan kommunal tjenesteyting tre i stedet for særskilt bevilgning til formål som nevnt i denne paragraf.

Kongen kan gi forskrift om kommunenes forpliktelser etter denne paragraf.

Kommunen kan ta opp lån for finansiering av sine forpliktelser etter første ledd bokstav a) og b). De nærmere vilkår for kommunens låneopptak fremgår av kommunelovens § 50.

Representant for kirkelig fellesråd kan gis møte- og talerett i kommunale organ når disse behandler saker som direkte berører fellesrådets virksomhet.

Takk for gaver

Vi ønsker med dette å takke familien Sørflaten for dør til bårhuset i Nord- Etnedal i 2015.

Vi vil også få takke alle som har gitt gaver til Bruflat og Nord- Etnedal kirker i 2015.

Gravplassvedtekter:

Etnedal kyrkjelege fellesråd vil i 2016 lage nye gravplassvedtekter for våre kirkegårder. Disse vil bli sendt ut til alle festere.

Gravminner:

Vi minner om at det er særdeles viktig at alle som øn-

sker å flytte på eksisterende gravminner tar kontakt med kirkekontoret. Ved montering av nytt gravminne (samt etter endring av gravminner) skal kirketjener merke opp hvor det skal stå.

Steinselskapene skal alltid sende søknad om oppsetting av nytt gravminne til Etnedal kyrkjelege fellesråd. Vi godkjenner alle gravminner som følger retningslinjene i § 21 til §26 i gravferdsforskriften (Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd).

Kirkelige avgifter i Etnedal

1. Utlån av kirkene (Bruflat og Nord-Etnedal)

Konserter og andre kulturarrangement

Sokneråda sine kor o.l	Gratis
Skolekonserter/ kulturskolekonserter	Gratis
Julekonsert med lokale kor/ korps som tar kollekt	Gratis
Lokale kor/ korps/ band som ikke tar inngangspenger	Gratis
Lokale kor/ korps/ band o.l som tar inngangspenger/ kollekt	
15% av inntektene	kr. 1000,-
Kor/ korps/ band o.l utenfra som tar inngangspenger/ kollekt	
15% av inntektene – min	kr. 2000,-
Profesjonelle aktører (konserter-kulturarrangement)	
20% av inntektene – min	kr. 3000,-

Medlemmer av andre kristne trossamfunn:

Gudstjenester og møter kr. 1000,-

Innspillingsstudio:

Innspilling av musikk kr. 500,-

2. Gravferd, vigslar for bosatte utenfor Etnedal

Vigslar

For vigsel på vanlig lørdag (der ingen har tilknytning til Etnedal)

Inkl. organist, kirketjener, oppvarming og renhold kr. 3000,-

For vigsel på dager med helligdagsgodtgjørelse (som pinse og nyttårsaften) kr. 4000,-

Gravferd

Gravferd (der vedkommende ikke er bosatt i Etnedal)

For gravferd med seremoni i kirke i Etnedal	kr. 4000,-
For urnedsetting	kr. 800,-
For kistenedsetting uten seremoni i Etnedal	kr. 2500,-

3. Festeavgifter (priser per år)

Festeavgift, vedtatt av Etnedal kommunestyre sak 106/12 den 15.11.2012

Grunnavgift per grav, per år i avtaleperioden på 0- 40 år	kr. 100,-
Grunnavgift per grav, per år i avtaleperioden på 40 – 60 år	kr. 200,-
Grunnavgift per grav, per år i avtaleperioden på 60 – 80 år	kr. 400,-

Festeperioden er satt til 10 år.

4. Gravstell (priser per år)

Opparbeiding av stellavtale inkl. nedsetting av plantekasse, administrasjon og gebyr (obligatorisk og kun oppstartsår) kr. 1000,-

Administrasjon og revisjonskostnader (Obligatorisk)	kr. 100,-
Vårplanting i mai (stemor)	kr. 250,-
Sommerplanting og stell i sommersesongen (sommerplante)	kr. 700,-
Høstplanting (Erika)	kr. 250,-
Mosekrans til jul	kr. 250,-

Vedtatt av Etnedal kyrkjelege fellesråd i sak 14/2012 den 7.3.2012.

Ordinære åpningstider på kirkekontoret:

Mandag, tirsdag, torsdag og fredag kl. 09.00 – kl. 15.00.

(Vi er få i staben, så ved møter og annen virksomhet kan kontoret være stengt. Da er det mulig at ta kontakt med servicetorget i kommunen som har informasjon om når kontoret åpner igjen).

Vi oppfordrer alle til å ta kontakt med oss hvis dere har spørsmål, og/eller det er noe vi kan hjelpe dere med. Vi tar i mot alle henvendelser, og vil gjerne snakke med dere.

Kom innom, ring oss på 61121320, send oss en e-post på: marie.bjornodegard@etnedal.kommune.no eller et brev til Etnedal kyrkjelege fellesråd, Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal.

Marie Bjørnødegård
Kyrkjeverje



**Etnedal
kommune**

- Minst og best -

Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no

Kommunereform – innbyggerinvolvering- og dialog i Etnedal kommune

Flertallet på Stortinget vedtok i 2014 en kommunereform og presiserte at alle kommuner hadde et utredningsansvar.

Intensjonsavtale

I oktober 2014 ga kommunestyret i Etnedal sin tilslutning til å starte utredning av ei Valdreskommune. Etter nesten to års arbeid, endte arbeidet med at Etnedal, Nord Aurdal, Sør Aurdal, Øystre Slidre og Vestre Slidre forhandlet fram en intensjonsavtale. Samtlige kommunestyre hadde intensjonsavtalen oppe til behandling 17.03. Intensjonsavtalen synliggjør hvordan en Valdreskommune kan bli.

Notat

Det er laget et notat som er en sammenfatning av de ulike kommunestyrevedtakene fra 17.03 i Etnedal, Vestre Slidre, Øystre Slidre, Sør Aurdal og Nord Aurdal.

Etnedalsutvalgets rapport

Kommunestyret i Etnedal satte ned ei arbeidsgruppe (kalt Etnedalsutvalget). Etnedalsutvalgets rapport beskriver hvordan Etnedal kan bli som egen kommune utenfor en storkommune.

Intensjonsavtalen, notatet og Etnedalsutvalgets rapport er sendt på papir til alle husstander i Etnedal.

Spørreundersøkelse

Det er sendt ut spørreundersøkelse på papir til alle husstander i Etnedal, svarfrist 13.mai. Skulle du ikke ha mottatt Informasjonsmateriellet og spørreundersøkelsen, kan du få disse dokumentene på Servicekontoret.

Høring

Intensjonsavtalen, Etnedalsutvalgets rapport og notatet er sendt på høring til følgende høringsinstanser:

- Ansatte i Etnedal kommune
- Idrettsrådet
- Kulturrådet
- Ungdomsrådet
- Eldrerådet / råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne
- Etnedal hytteeierforening

- Kyrkjeleg fellestråd
- Faglag i landbruk og skogbruk
- Etnedal Utvikling
- VOKKS (Kommunen er aksjonær)
- Etnedal Bilruter AS (Kommunen er aksjonær)

Høringen er annonsert i Avisa Valdres der spesielt næringslivet er invitert og oppfordret til å komme med sine innspill, frist 10.mai.

Folkemøter

Vi har hatt folkemøter på Mosletta, på Bergsbakken og på Etnedal Skule. Tema på disse møtene var; presentasjon av intensjonsavtale og notat, presentasjon av Etnedalsutvalgets rapport, orientering videre plan/innbyggerundersøkelse.

Følgende gjenstår:

- 12.05.16 Møte i Ungdomsklubben i regi av Ungdomsrådet
- 24.05.16 Folkemøte Samfunnssalen, Etnedal Skule (se egen annonse)
- 30.05.16 Folkeavstemming, for alle innbyggere født før 2001. (se egen annonse)
- 30.06.16 Behandling i kommunestyret

Jeg håper flest mulig tar seg tid til å svare på spørreundersøkelsen, frist 13.mai. Dine tilbakemeldinger er viktige for kommunestyret.

Jeg oppfordrer alle til å bruke stemmeretten 30.mai!
Toril Grønbrekk ordfører.

Åpent møte kommunereform 24.05.16 klokken 19:00

Møtested: Samfunnssalen, Etnedal skule:
Presentasjon av innbyggerundersøkelsen
Presentasjon/gjennomgang av høringsresultater
Presentasjon av kommuneproposisjonen
Etnedal hva nå? Innledning og debatt/innspill i plenum

Ordførar Toril Grønbrekk oppfordrer alle til å bruke stemmeretten sin 30. mai



Folkeavstemning – Valdres mot 2020

I Etnedal blir det folkeavstemning 30.mai

Tid og sted for stemmegiving

Forhåndsstemming	Servicekontoret	Mandag – fredag: 18.-27. mai	Kl.08.00 – 15.30
Forhåndsstemming	Servicekontoret	Fredag 20. mai	Kl.15.30 – 20.00
Forhåndsstemming	Etnedalsheimen	Tirsdag 24. mai	Kl.11.00 – 13.00
Valgting	Etnedalshallen	Mandag 30. mai	Kl.11.00 – 18.00

Stemmerett har alle som har fylt 16 år, eller som fyller 16 år i løpet av 2016.

I folkeavstemningen vil du få følgende spørsmål:

1. Bør de fem kommunene Etnedal, Vestre Slidre, Nord-Aurdal, Sør Aurdal og Øystre Slidre slås sammen til en Valdreskommune?
2. Dersom de fire øvrige kommunene Vestre Slidre, Nord-Aurdal, Sør Aurdal og Øystre Slidre slår seg sammen, ønsker du at Etnedal skal fortsette som egen kommune?
3. Dersom to eller tre av de øvrige kommunene Vestre Slidre, Nord-Aurdal, Sør Aurdal og Øystre Slidre slår seg sammen, ønsker du at Etnedal skal fortsette som egen kommune?
4. Jeg ønsker at Etnedal kommune fortsatt skal bestå som egen kommune

Nytt fra enhet for Familie og helse

Helsesøstertjenesten omdisponerer sine ressurser i nær framtid.

Vi kommer til å ha helsetjeneste for asylsøkerbarna på onsdager, andre avtaler legges til andre dager. Helsesøster vil heretter være på skolen tirsdager og torsdager. Liv Sonja jobber i 100 % stilling, Wenche jobber i 80 % med fri på fredager.

Legekontoret

Legekontoret er åpent for pasienter kl 08 – 15, fra mandag til og med fredag.

Telefoner besvares i åpningstiden. Henvendelse ut over dette rettes til Valdres Legevakt.

Etnedalsdagane – Ttrøyer

Er det nokon av dei gode hjelparane frå «frivilligkorpset» på Etnedalsdagane som har gløymt å levere inn att Ttrøya si? Leveringsadr.: Kulturkontoret eller Servicetorget i kommunen. (Helst før 1. juni)



VALDRES
SOMMERSYMFONI

Konsert i Bruflat Kyrkje: «Landet, som det stiger frem» 26. juni 2016 kl. 18:30

Noregs fjell og dalar var til stor inspirasjon for norske komponistar, og på denne konserten vil me få høyre Griegs berømte g-mollkvartett og nokre av Sindings songar for sopran og klaver. I tillegg vert det framføring av den femte cellosonaten til Beethoven, ein komponist som sprengte dei musikalske horisontane i si samtid.

Aurora Rotnes frå Etnedal opnar konserten med si vakre stemme. Elles deltek Bjørn Solum, cello, Marianna Shirinyan, klaver, Lydia Hoen Tjore, sopran og strykekvartetten Opus 13.

Vårkonsert med kulturskulen
31. mai kl. 18 i teltet på Bruflat



Aurora Rotnes opnar konserten

DRIFTREKNESKAP FOR KYRKJEVARDEN 2015

Utgifter:

Kontingent	
KPK	kr. 1.500,00
Trykking	kr. 67.008,50

Bankomkostninger	kr. 5,-
	kr. 68.513,50

<u>Overskudd</u>	kr. 17.348,43
	kr. 85.861,93

Inntekter:

Bladpenger (327)	kr. 64.400,00
Gave Etnedal Spb	kr. 4.000,00
Gåve frå ab.	kr. 12.350,00
Kommune - info	kr. 5.028,00
<u>Renter</u>	kr. 83,93

	kr. 85.861,93
--	---------------

	kr. 85.861,93
--	---------------

BALANSE 31/12 - 2015**Aktiva:**

Bank 31/12 – 2015	kr. 63.251,58
Land trykkeri	kr. 19.244,00
Etnedal kommune	kr. 2.588,00

<u>kr. 85.083,58</u>

Passiva:

Bank 1/1 – 2015	kr. 64.730,15
Etnedal kommune	kr. 3.005,00
Overskudd	kr. 17.348,43

<u>kr. 83.083,58</u>

Etnedal, 1. februar 2016

Engebret Brufladt
Revisor

Marit Slettum
Bladstyrar

Knut S. Kringli
Kasserar

Nord-Etnedal kyrkje 150 år

Dette året er det 150 år sidan kyrkja i Nord-Etnedal vart innvigd, og jubileumsmarkering vil skje til hausten.

Det blir jubileumsgudsteneste 11. september kl. 11

Biskop Solveig Fiske og nyprosten vår, Carl Philip Weisser vil vere med kyrkjelyden i Nord-Etnedal å feire, men dagen og jubileet er framfor alt for dei som bur i Etnedal.

Det blir også anna type jubileumsmarkering, alt kjem vi atende til i neste Kyrkjevarden.





NYTT FRÅ ETNEDAL HELSELAG

Frivilligsentralen

Fredag 20. mai kl. 2100 : Konsert med Roy Orbison band

Mer info kommer seinere, følg med på oppslag.

Lørdag 21. mai :

Internasjonal matdag i teltet på Bruflat

Husk dugurd hver fredag fra kl 1200 -1400. Kom da vel!!

Kretslagene i Etnedal helselag har ansvaret for denne.

Kontakt daglig leder Fredrik Holte Breien for evt. skyss, tlf. 94 12 49 25.

Elna Kvedalen, leder

Glimt frå dugurden på Frivillighetssentralen



Ansvarlege for dugurden denne fredagen var Inger Ada Korsvoll og Anne Mette Lunde.



Fire av deltakarane på dugurden : Sigrud Bergene, Ellen Rudi, Anne Marit Stensæter og Reidun Vik



Triveleg bordsete ;Nærmast : Tonethe Jensen, Hans Kvedalen og Alf Smelhus
Andre bord : Engebret Strande, Odd Bråten, Kåre Nyhagen og Kåre Hagen



Gunn Bjørge og Kåre Hagen sto for underholdninga. Friske trekkspeltoner lyfte allsangen til store høgder.
Anne Mette Lunde las også go'bitar av Alf Prøysen

Etnedal helselag har gitt støtte i 2015 til:

Krafttak mot kreft	kr 10.000,-
Demensaksjonen	kr 10.000,-
Granumsbygda Vel	kr 10.000,-
Hoppetaukonkurransen	kr 4.000,-
TV-aksjonen	kr 1.000,-
Truger til Kirkevøll	kr 1.528,-
Tur for beboere på Etnedalsheimen til Leningen	kr 2.282,-

Etnedal helselag har fått støtte i 2015 fra :

Den kulturelle spaserstokken	kr 4.000,-
Nasjonalforeningen	kr 40.000,-
fra TV-aksjonen 2013, Demenssaken	

Disse har blitt brukt til :

Nye fine sangbøker, stor skrift
Sittedanskurs
Tur til Etnedalsdagene på museet
Temakveld med Audun Myskja

Elna Kvedalen

Velkommen til sangkveld med Bruflat sangkor!

Sted: Menighetshuset på Bruflat

Tid: Tysdag 14 juni kl.18.00

I år er det 100 år sidan lyrikaren, skulemannen og målmannen Trygve Bjørge vart fødd, og vi knytter sangkvelden til han og arbeidet hans. Bruflat sangkor syng med Serhiy Bykov som dirigent. Margunn Søyland Nesbakken leiar allsangen - med tilknytning til Trygve Bjørge, og med sangar frå den nynorske sangskatten. Det blir kaffe og kake og årsal i pausa.



Frå sangkveld i Aurdal ; Bruflat sangkor



Margunn Søyland Nesbakken leiar og kåserar.

Presteteneste i Etnedal

Vikarprest Jon Ragnarsson og prostiprest Mari Mikkelsen Western held fram med gudstenester og gravferder i Etnedal inntil vidare. Eg er sjukemeldt ut juni, men har fått ei avtale med NAV om å arbeide x antal timar i veka, (blir registrert i etterkant) avhengig av kor mykje eg maktar. Viljen har førebels vore sterkare enn kref-tene, men eg kjem meg stadig, så frå denne veka overtek eg konfirmantundervisninga. Det er opptur for meg! Eg reknar også med å ha gudsteneste saman med konfrimantane 17. mai, så får vi sjå. Sikkert er det at eg har tre veker ferie i juli (4. – 24)

Kjære etnedøler!

Det er godt å møte dykk att etter den vonde reisa eg har hatt siste året.
Takk for alle oppmuntrande tilrop på vegne!

Marit prest



Jon Ragnarsson saman med Serhiy Bykov på Røde-kors-hytta langfredag.



Mari Mikkelsen Western i Bagn kyrkje



Lev nå

Lev
nå

i dag
rusker
vinden deg
i håret

Guds hånd
stryker
kinnet

virvler
vannet

Tove Houck

SLEKTERS GANG

DØDE



Bruflat sokn	Jordfest
Solveig Rundberg	15.01
Ruth Haldis Nysveen	19.02
Ole Strande	01.04
Ingar Juel Hovrud	26.04

Nord – Etnedal	
Leif Steinsli	17.03
Solveig Fauske	18.03

Kyrkjekrus Pris kr. 100

Kan kjøpast på kyrkjekontoret
eller servicetorget i
Etnedal kommune



**Søndag 15. mai - 1. Pinsedag***Preiketekst : Joh. 14. 23-29*

kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Høgtidsgudsteneste med nattverd.
Takkoffer til Det teologiske
Menighetsfakultet

Måndag 16. mai - 2. Pinsedag*Preiketekst : Joh. 7, 37-39*

kl. 11.00 Brusveen grendehus.
Pinsegudsteneste.
Takkoffer til Norsk Luthersk
Misjonssamband.
Kyrkjekaffe

17. mai*Preiketekst : Luk. 17. 11 - 19*

kl. 1030 Bruflat kyrkje. –
Familiegudsteneste ved konfirmantane
og presten.
Takkoffer til trusopplæring i kyrkjelyden.

**22. – og 29. mai -
inga gudstenester****Onsdag 1. juni -**

kl. 18.00 Bruflat kyrkje.
Samtalegudsteneste

Søndag 5. Juni – 3. søndag i treenighetstiden*Preiketekst : Mark. 10, 13-16*

kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Konfirmasjon.
Takkoffer til Frelsesarmeen

Søndag 12. Juni – 4. søndag i treenighetstiden*Preiketekst : Matt. 9, 35-38*

kl. 11.00 N. Etnedal kyrkje.
Konfirmasjon
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Søndag 19. juni – 5. søndag i treenighetstiden

Kl. 1100 Bruflat kyrkje.
Gudsteneste med dåp.
Takkoffer til Søndagsskolen i Norge

Søndag 26. juni**Inga gudsteneste i Etnedal****Søndag 3. juli – 7. søndag i treenighetstiden**

Kl. 1100 På scena ved Samfunnshuset, i samband
med Etnedalsdagane 2016
Bergegarda mannskor, Hilde Byfuglien og
Honning og Rigabalsam syng.

Søndag 10. juli – 8. søndag i treenighetstiden

Kl. 1100 Bruflat kyrkje.
Nattverd.
Takkoffer til Institutt for sjelesorg

Søndag 17. og 24. juli**Inga gudstenester i Etnedal****Søndag 31. juli**

Kl. 1300 N. Tangen (mellom Steinsetbygda og
Smiugardsbygda) hos Turid og Roger
Byfuglien
Takkoffer til Den norske Israelsmisjon

Søndag 7. august – 12. søndag i treenighetstiden

Kl. 1600 N. Solbjør hos Tutta Solberg.
Grendegudsteneste
Takkoffer til Bjørktun grendehus


Søndag 14. august – 13. søndag i treenighetstiden

Kl. 1100 Bruflat kyrkje.
Nattverd.
Takkoffer til NKSS – Norges kristne
student- og skoleungdomslag

Søndag 21. august – 14. søndag i treenighetstiden**Inga gudsteneste i Etnedal****Søndag 28. august – 15. søndag i treenighetstiden**

Kl. 1100 N. Lenningen sæterhus
Familiegudsteneste med utdeling
av «Mi kyrkjebok» til 6-åringar.
Nattverd.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

*Med atterhald om eventuelle endringar.**Gudstenestene blir annonsert kvar torsdag i avisa
Valdres*



Godhet i tale
gir tillit og tro.
Anden foredles
der tanken er god.
Hvor godhet gir
gaver,
vil kjærlighet gro.